

Bli ny miljøsjef

Gro Staveland (46) blir ny administrerende direktør i Haugaland Interkommunale Miljøverk. Ho har dei siste 2,5 åra vore tilsett i Haugaland Interkommunale Miljøverk (HIM), som ansvarleg leiar for miljøparkane Årabrot og Toraneset. På måndag blei ho i styremøte tilbudd stillinga som ny administrerende direktør

frå og med 1. juni neste år. 46-åringen vil då etterfølgja Jan Karl Lyngre som har vore HIM-direktør i 13 år. Staveland bur i Tysvær, og har tidlegare arbeidd i Haugesund kommune, Kystverket og Firskeridepartementet. Ho er utdanna frå universitetet i Oslo med hovudfag i marin biologi.



Ros til Etne Musikklag

Ølen Forum vil gi ros til Etne Musikklag. — Dei stilte opp på kort varsel i bitande kulde på julegateopninga i Ølen. Gang rundt juletreet blir ikkje heilt det same utan korpsmusikk, men ølens- og etnesbuen i musikklaget stilte opp slik at

julestemninga blei redda. Og då instrumenta fraus så fortsette dei å spela inne på senteret. Så takk til Ståle Tungesvik og resten av musikklaget! Vi ønskjer medlemmane ei riktig flott jul, skriv Vibeke Røed på vegner av Ølen Forum i ein epost til Grannar.

Syng jula inn med Hanne Krogh

Kommunekoret KORE' Vindafjord øver intenst til julekonserten i Skjold kyrkje 21. desember. Då skal dei synga med Hanne Krogh og Tre Tenorer som også skal til Skånevik.

IVAR TEIGLAND
ivar.teigland@grannar.no

Sidan midten av oktober har koret som består av kommunalt tilsette i Vindafjord øvd på materialet til julekonserten.

— Det er mykje som framleis ikkje er heilt på plass, men me har ennå eit par øvingar igjen, så det skal gå bra, seier dirigent Lasse Jarmer før øvinga på Sandeid skule denne veka.

Samarbeidet med Hanne Krogh og dei tre tenorane Nils Harald Sødal, Thomas Ruud og Marius Roth Christensen blei til gjennom eit kulturfond der åtte kommunar over heile Haugalandet er med, og Hanne Krogh gler seg veldig til å synga saman med KORE' Vindafjord.

Facebook-helsing

— Eg kjenner ikkje til dette koret frå før, men veit allereie nå at når dei har eit så kult namn, så er det eit kult kor, seier Hanne Krogh til Grannar.

Sidan oppstarten i 2007 har kommunekoret i Vindafjord hatt ei fin utvikling, og tel i dag 33 medlemmer. Nå gler dei seg over å samarbeida med den folkekjære artisten for første gong.

— Me fekk helsing frå Hanne Krogh på facebookprofilen vår, og det er ganske spesielt, fortel korleiar Nils Erik Eide.

Sjølv om det er eit tydeleg julepreg på songane som dei øver på, blir det ikkje berre tradisjonelle julesongar. Også ein gammal låt frå Bobbysocks-epoken står på programmet, og i tillegg den kjente «You'll never walk alone» som Liverpool-supportarar brukar som offisiell fotballhymne.

Godt førebudd

— Eg som er Manchester United-supportar har litt problem med å vera med på den, kjem det frå Eide.

Men songen blei opphavleg skriven til ein Broadway-musikal i 1945, og teksten handlar om håp, tru og det å aldri gi opp, sjølv i mørke stunder.

— Eg trur folk får ei ny oppleving av denne songen når han blir framført på ein kyrkjekonsert, seier Krogh.

Koret og Hanne Krogh møter kvarandre berre tre timar før konserten startar i Skjold kyrkje, men



Mykje terping må til når KORE' Vindafjord skal halda julekonsert saman med Hanne Krogh for første gong.

FOTO: AURELIA P. HUSTVEIT



Engasjert dirigent Lasse Jarmer i aksjon under øvinga i Sandeid.



Hanne Krogh og dei tre tenorane Nils Harald Sødal, Thomas Ruud og Marius Roth Christensen syng saman med både KORE' Vindafjord og «Blueskoret» i Skånevik i førjulsveka.

PRESSEFOTO: JOON BRANDT

Krogh er ikkje bekymra for det.

— Eg veit at koret stiller godt førebudd, og dei skal berre framføra fragment av materialet, så eg trur dei er veldig spent på korleis heilskapen blir, fortel ho.

Skånevik-konsert

Sidan mormor hennar blei døypt i

gamle Skjold kyrkje har ho alltid hatt ei spesiell tilknytning til denne kyrkja, og likar også den nye kyrkja godt.

— Det er ei nydeleg kyrkje, meiner Hanne Krogh.

Det er nesten utselt til konserten der dei allsidige musikarane Stein Austrud og Tarjei Nysted blir med

på ulike instrument, og neste dag reiser Hanne Krogh vidare til Skånevik der ho skal opptre med «Blueskoret» i Skånevik kyrkje.

— Desse har eg sunge med før, og Inger Karin Larsen som driv hotellet der, er ei av mine beste venner, så der skal me kosa oss skikkeleg, fortel Hanne Krogh.

I fjor var ho saman med dei tre tenorane i Vats kyrkje, og nå går det i eitt med julekonsertar framover nesten kvar dag.

— Det er så gøy, og ei glede frå ende til annan, kjem det frå Krogh.